



Lego er populært. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også i bedehuset kjem haustsesongen no i gang og Laurdagsskulen var først ute og starta i dag (laurdag) med godt frammøte. 14 barn og åtte foreldre var på plass i tillegg til leiarane Nelly Kjærland, Camilla Myklebust, Kristine Reime og Marlinn Inntveit. Dette er eit tilbod opp i 4. klasse for born både i Uskedalen og Herøysund.



Nelly fortel om Sakkeus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Samlinga var prega av mykje spel og song og Camilla var då naturleg nok i aksjon - mellom anna med song frå

Mali i Afrika..



Inn i ein ny grautsesong: Torunn Kjærland og Aud Isaksen Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ellers var det mellom anna blikjenteik, bibelforteljing og lego. Så kom den tradisjonelle grautservinga. Torunn Kjærland og Aud Isaksen Haugland tar seg som før av denne viktige jobben.

26. september er det Laurdagsskule neste gong og dei andre møtedagane før jul er 24. oktober, 21. november og 5. desember.





Camillia Myklebust og Kristine Reime (med Vilde på armen) syng- (Foto: Ola Matti Mathisen)